

Informasjon til elevar som skal velje vidaregåande opplæring hausten 2010.



Volda vidaregåande skule
Utdanningsprogram for ST/MD/MK/SA

Studiespesialisering med handball - Toppidrett spesielt tilrettelagt for handball med fokus på utvikling av individuelle ferdigheiter

Volda vidaregåande skule og Volda Handballklubb har inngått eit forpliktande samarbeid i samband med programområdet studiespesialisering (ST).

Samarbeidet er eit prøveprosjekt gjeldande frå hausten 2010 og omfattar i første omgang elevar på Vg1 og Vg2, men tek sikte på å utvide til også å gjelde Vg3 neste skuleår.

Tilbodet er utvikla med utgangspunkt i det sterke handballmiljøet i Volda. Det vil bli laga eit undervisningsopplegg med fokus på basistrening og lagtrening. Opplegget er henta frå Noregs handballforbund sitt opplegg for toppdrettstilbodet innan handball.

Kravet for å ta del i denne satsinga er at eleven er aktiv handballspelar, men det er ikkje krav til noko spesielt nivå.

Timetal

Elevar på Vg1 studiespesialisering vil i tillegg til dei ordinære 30 undervisningstimane per veke, få undervisning i 5 timar toppidrett med fokus på handball. Desse 5 timane kjem utanom kravet til ordinært timetal.

På Vg2 og Vg3 vil elevane kunne velje toppidrett, 5 timar per veke, innanfor det ordinære timetalet på 30 timar/veke, jfr krav til fagsamansetjinga i Kunnskapsløftet.

Innsøking

Elevar som ønskjer å ta del i dette opplegget søkjer seg inn til Vg1 ST på ordinær måte, med søknadsfrist 1.mars for ordinært opptak.

Etter at 1.inntaket er klart sommaren 2010, vil elevar som er tatt inn på Vg1 ST få tilsendt eit informasjonsskriv frå skulen, med beskjed om å laste ned eit skjema som skal fyllast ut. Skjemaet vil ligge på skulen si heimeside. Dette skjemaet inneheld bl.a. spørsmål om eleven ønskjer å ta del i prosjektet Studiespesialisering med handball. Dersom eleven ønskjer det vil han/ho måtte svare på om eleven spelar aktiv handball og kva idrettslag eleven er medlem i.

Vel møtt som elev ved Volda vidaregåande skule hausten 2010.

Har du spørsmål, kontakt skulen på telefon 700 59300 eller e-post volda.vgs@mrfylke.no